



Agenda AU-møte nye Ålesund 31. mars

Dato: 31. mars 2017
Tid: kl. 8.30 til 10.00
Møteleiar: Eva Vinje Aurdal
Stad: Ålesund rådhus 8. etg.

NB! Mads Solberg kjem 8.15 slik at de kan helse på kvarande før møtet startar.

Førebels agenda:

- 1. Velkomen til demokratimedarbeidar Mads Solberg.**
Mads deltek i starten av møtet. Han tek til i jobben 3. april. Stillingsbeskriving må utformast.
- 2. Kort statusorientering frå koordinator**
Viktigaste er: Besøk i nye Asker, prosjektleiarsamling Møre og Romsdal, møte med Vigdis FMMR om søknader skjønnsmidlar, avtale med KMD og KS om deltaking demokratiutvikling, oppstart av delprosjekt, og fleire informasjonsmøter gjennomført og planlagt.
- 3. Prosess for tilsetting av ny rådmann**
Presentasjon av Roar Reiten. Viktig punkt i møtet.
- 4. Oppsummering av gruppearbeid frå førre styringsgruppemøte.**
Sjå vedlegg. Er oversendt delprosjekt kulturbygging og verdjar.
- 5. Intensjonsavtalen**
 - Ordførar i Ørskog har innmeldt sak om at utfordringar med vegar i Ørskog kjem inn i intensjonsavtalen.
 - Ordføraren i Haram har meldt at dei har forventning om at heile intensjonsavtalen vert drøfta.
- 6. Informasjonsrunde i kommunestyremøta 6. april**
Koordinator, kom.ansvarleg og Mads Solberg info 45 min. presentasjon i kommunestyremøta i Haram, Ørskog og Ålesund (i denne rekkefølga). Kommunestyra i Skodje og Sandøy får same presentasjon etter påske.
- 7. 1000 dagar til 1.1.2020 – markering 7. april**
Kommunikasjonsansvarleg informerer om forslag til plan for markeringa.

8. Interkommunalt samarbeid – kartlegging

Sjå vedlegg av siste versjon av kartlegginga av interkommunale samarbeid. Grappa leverer endeleg kartlegging til AU-møtet og styringsgruppemøtet i mai.

- Er AU einige i framstillingsmåten av informasjonen (greitt å vite *før* vi leverer endeleg kartlegging)?
- Korleis set vi saman nytt delprosjekt for å vurdere endringar og/eller vidareføringar av samarbeida? Ein politikar og ein frå administrasjonen frå kvar kommune, eller anna samansetjing? Politisk leiing av delprosjektet? Treng ikkje namn enno.

8. E-kommune Sunnmøre og delprosjekt digitalisering og IKT

Synnøve Vasstrand styreleiar e-kommune, og delprosjektleiar Bente G. Vikhagen presenterer. Sjå vedlegg av styrevedtak i e-kommune Sunnmøre.

9. Oversikt delprosjekt

Sjå vedlegg av deltakarar i delprosjekta, møteinnkallingar sendt. Mandatutkasta er ikkje ferdige.

10. Behov for prosjektekretær og politisk sekretariat til fellesnemnda

- Korleis løyser vi arbeidsmengde ift. møteinnkallingar, møter og arrangement, referat m.v.?
- Fellesnemnda skal ha sakssystem etter vanleg kommunestandard – brukar vi ein frå administrasjonane til dette?

12. Program/agenda for styringsgruppemøte 20.4., Ålesund

Stad: Middelaldermuseet.

Programmet må ut før påske (er ikkje klart til AU-møtet).

Kva skal vere hovudsak og gruppearbeid i dette møtet?

13. Vidare arbeid med prosjektplan/overordna styringsdokument

Med utgangspunkt i nye Asker sin plan. Nye Ålesund skisse frå februar utsendt i e-post 30.3.



Referat AU-møte

Dato: 31. mars 2017
Tid: kl. 8.30 til 10.00
Møteleiar: Eva Vinje Aurdal
Stad: Ålesund rådhus 8. etg.

Deltakarar: Eva Vinje Aurdal, Dag Olav Tennfjord, Knut Helge Harstad, Oddvar Myklebust, Vebjørn Krogsæter, Astrid Eidsvik, Bente Glomset Vikhagen, Synnøve Vasstrand Synnes, Turid Hanken, Anne Berit S. Emblem (koordinator), Anne Bente Skjellum (kom.ansvarleg), Mads Solberg (demokratirådg.).
Forfall: Kim André Breivik.

1. Velkomen til demokratirådgjevar Mads Solberg

AU ønskte Mads Solberg velkomen som demokratirådgjevar i 100 % prosjektstilling i nye Ålesund. Han tek til i jobben 3. april og stillingsbeskriving er klar komande veke. AU vil at Mads Solberg presenterer seg sjølv, stillinga og demokratiprojektet i styringsgruppemøtet 20.4.

2. Kort statusorientering frå koordinator

Koordinator orienterte kort om framdrift/møter i veke 10 til 13. Det viktigaste er: Oppstart av delprosjekt, fleire informasjonsmøter gjennomført og planlagt, prosjektleiarsamling Møre og Romsdal, møte med Vigdis FMMR om søknader skjønnsmidlar, besøk i nye Asker, avtale med KMD og KS om deltaking demokratiutvikling.

3. Prosess for tilsetting av ny rådmann

Leiar av delprosjekt 1 personal og omstilling Roar Reiten presenterte forslag til kommunestyresak for oppretting av tilsettingsutval for tilsetting av ny rådmann. AU var einige om at saka, slik den er framstilt, blir oversendt dei fem kommunestyra for handsaming så snart som råd. Det må føreligge vedtak i alle kommunestyra før tilsettingsutvalet kan starte arbeidet.

4. Oppsummering av gruppearbeid frå førre styringsgruppemøte.

AU er oversendt oppsummeringa frå gruppearbeida, og vil ta dette med i det vidare arbeidet om mål, visjon og verdiar. Oppsummeringa er også oversendt delprosjekt kulturbygging og verdiar, som skal ta dette med i sitt arbeid.

5. Intensjonsavtalen

Ordførar i Ørskog har innmeldt sak om at utfordringar med vegar i Ørskog kjem inn i intensjonsavtalen. Ordføraren i Haram har meldt at dei har forventning om at heile intensjonsavtalen vert drøfta. Den fem ordførarane vil samsnakkast i forkant av styringsgruppemøtet 20.4 om rammene for revisjon og fornying av intensjonsavtalen.

6. Informasjonsrunde i kommunestyremøta i april

Prosjektteamet med koordinator, kommunikasjonsansvarleg og demokratirådgjevar vil halde

45 min. presentasjon i kommunestyremøta i Haram, Ålesund og Ørskog 6. april. Kommunestyra i Skodje og Sandøy får same presentasjon etter påske.

7. 1000 dager til 1.1.2020 – markering?

Denne veka er det 1000 dagar igjen til 1.1.2020. Av hensyn til situasjonen Haram kommune er i før stortingsbehandlinga, vil ikkje AU arrangere nokon større markering akkurat no.

8. Interkommunalt samarbeid – kartlegging

AU er tilsendt siste versjon av kartlegginga av interkommunale samarbeid. Grappa leverer endeleg kartlegging til AU-møtet og styringsgruppemøtet i mai. AU er einige i framstillingsmåten av informasjonen. Det må nedsetjast eit nytt delprosjekt for å vurdere endringar og/eller vidareføringar av samarbeida. Her må det vere med ein politiskar og ein frå administrasjonen frå kvar kommune.

9. E-kommune Sunnmøre og delprosjekt digitalisering og IKT

Synnøve Vasstrand styreleiar e-kommune, og delpr.leiar Bente G. Vikhagen presenterte saka. Styret i e-kommune Sunnmøre har fatta vedtak om Kommunereforma, eKommune Sunnmøre si rolle (sak 7/17). Vedtaket inneber at vi ikkje kan køyre delprosjektet IKT og digitalisering i nye Ålesund kommune parallelt.

Handsaming: «I tida fram mot kommunesamanslåingane, står eKS foran to vegval:

1. Etablere eit eige delprosjekt for digitalisering og IKT (evt. skilje dette ut i to delprosjekt: a. IKT, og b. digitaliseringsstrategi) Dette krev ei stilling i prosjektorganisasjonen med ansvar for samordning av fagsystem og digitaliseringsstrategi. Dei nye kommunane kjem til å prioritere det som må på plass før ny kommune er etablert, og at IKT-drift må støtte opp om dette.
2. Oppnå samordning av fagsystem og digitaliseringsbehov gjennom eKommunesamarbeidet og dei styringsstrukturane vi har der. Dette krev ei styrking av strategi- og bestillerleddet. Dei andre deltakarkommunane må også her vere innforstått med dei «nye» kommunane sine behov for å kome i mål. Dersom dei andre kommunane ikkje ønskjer å delta i alle samordningsprosjekt framover vert det naturleg av nye Ålesund og ev Stordal og Norddal går inn med meir ressurs.

Etter litt diskusjon om ulike alternativ, vil styret gå inn for at vi fortsatt ynskjer å arbeide innanfor det etablerte eKommune Sunnmøre, alternativ 2. Det må prioriterast å gjere kommunane mest mulig klar til 1.1.2020. Prioriteringar på dette, må ligge klart for styremøta i tida framover. Ein må også vere innforstått med at eKommune derfor blir litt introverte ei periode framover. Det er naturleg å invitere Stordal til å delta på neste styremøte.

Vedtak: Styret ønskjer å arbeide vidare innafor rammene for eKommune, og søke å oppnå samordning av fagsystem og digitaliseringsbehov gjennom eKommune-samarbeidet og dei styringsstrukturane som er her. Styrking av strategi- og bestillerleddet er ein føresetnad. Dersom dei andre kommunane ikkje ønskjer å delta i alle samordningsprosjekt framover vert det naturleg av nye Ålesund og ev Stordal og Norddal går inn med meir ressurs.»

10. Oversikt delprosjekt

AU er oversendt oversikt over av deltakarar i alle delprosjekta. Koordinator har sendt møteinnkallingar for alle delprosjekt ut juni. Mandatutkasta handsamast i styringsgruppa 20.4..

11. Behov for prosjektekretær og politisk sekretariat til fellesnemnda

Koordinator har stilt to spørsmål som AU må ta opp igjen i neste AU-møte:

- Korleis løyser vi arbeidsmengde ift. møteinnkallingar, møter og arrangement, referat m.v.?
- Fellesnemnda skal ha sakssystem etter vanleg kommunestandard – brukar vi ein frå administrasjonane (politisk sekretær) til dette?

12. Program/agenda for styringsgruppemøte 20.4., Ålesund

Stad: Middelaldermuseet. Programmet sendast ut før påske, og godkjennast av AU via e-post. Hovudsaker i dette møtet vert intensjonsavtalen, demokratiprojekt og delprosjekt.

13. Vidare arbeid med prosjektplan/overordna styringsdokument

Nye Ålesund tar utgangspunkt i nye Asker sitt overordna styringsdokument (kapittelinnending og framstilling). Vårt overordna styringsdokumentet kan heite «Slik bygger vi nye Ålesund kommune». Det må særleg jobbast med mål og visjonar som skal vere forankra i intensjonsavtalen.